

# Deloitte.

Til medlemmane i

IDROTTLAGET JOTUN

Deloitte AS  
Fjørevegen 19  
Postboks 206  
N-6852 Sogndal  
Norway

Tlf: +47 57 67 65 70  
Faks: +47 57 67 65 71  
www.deloitte.no

## REVISJONSMELDING FOR 2009

Vi har revidert årsrekneskapen for **Idrottslaget Jotun** for rekneskapsåret 2009, som syner eit årsoverskot på **kr. 128.882,-**. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap og balanse. Rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg er brukt ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret for idrettslaget. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsipp som er nytta og vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer at god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema hjå idrettslaget. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for våre konklusjonar.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med lov og forskrifter og idretten sine retningsliner for rekneskaps- og budsjettvedtak, og gir eit rettvise bilete av organisasjonen si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnad om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Sogndal, 2. mars 2010

Deloitte AS



Arnt Midtun  
statsautorisert revisor

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu, a Swiss Verein, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.com/no/omoss](http://www.deloitte.com/no/omoss) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu and its member firms.

Member of Deloitte Touche Tohmatsu

Medlemmer av Den Norske Revisorforening  
org.nr: 980 211 282